



Liv Ramskjær

Dato: 25.08.2014  
Vår ref.: 2014/16149-6  
Saksbehandlar: elibjor  
Dykkar ref.:

## **Det nasjonale museumsmøtet i Bergen - søknad om støtte**

Her oversendes den politiske saken med vedtaket.

Elisabeth Bjørsvik  
fagkoordinator museum og utvikling

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Arkivnr: 2014/16149-4  
 Saksbehandlar: Elisabeth Bjørsvik, Per Morten Ekerhovd

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet	100/14	19.08.2014

### Det nasjonale museumsmøtet i Bergen - søknad om støtte

Saka gjeld søknad frå Norges museumsforbund om støtte til gjennomføring av Det nasjonale museumsmøtet 2014. Dette vert arrangert i Bergen, i dagane 10.-12. september.

Norges museumsforbund søker om til saman 40 000 kroner til mottaking i Tårnsalen (KODE) og båttransport til og frå Salhus (Museumssenteret i Hordaland) med veteranbåten Oster. Alternativt søker Norges museumsforbund om at fylkeskommunen inviterer til mottaking i Tårnsalen i samband med opninga.

Dette er ein open søknad til Hordaland fylkeskommune, og vert foreslått handsama under rådveldekontoen for Kultur- og ressursutvalet. Som hovudregel vert tilskot frå denne kontoen tildelt to gonger i året. Enkelte opne søknader kan løftast ut og handsamast enkeltvis om det er særlege grunner for dette. Søknaden om støtte til arrangementet i september er dagsett 10. juni 2014, slik at tidsfaktoren her er grunnlag for enkelthandsaming. Det står 499 000 kroner på budsjettpost 400.760. 00. 14700 «til rådvelde for Kultur- og ressursutvalet».

### Forslag til vedtak

Kultur- og ressursutvalet ser det som positivt at Norges museumsforbund i år legg det nasjonale museumsmøtet til Bergen. Hordaland fylkeskommune vil støtte Det nasjonale museumsmøtet i Bergen gjennom løyving av midlar til gjennomføring av arrangementet.

1. Kultur- og ressursutvalet løyver 40 000 kroner frå budsjettpost 400.760.00.14700 «til rådvelde for Kultur- og ressursutvalet»

### Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 19.08.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

## Vedtak

Kultur- og ressursutvalet ser det som positivt at Norges museumsforbund i år legg det nasjonale museumsmøtet til Bergen. Hordaland fylkeskommune vil støtte Det nasjonale museumsmøtet i Bergen gjennom løyving av midlar til gjennomføring av arrangementet.

Kultur- og ressursutvalet løyver 40 000 kroner frå budsjettpost 400.760.00.14700 «til rådvelde for Kultur- og ressursutvalet»

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 06.08.2014**

Det nasjonale museumsmøtet 2014 i regi av Norges museumsforbund vert arrangert i Bergen i dagane 10.-12. september. Musea i Bergen vert møteplass for rundt 300 deltakarar frå dei norske musea, assosierte medlemmer, samarbeidspartnarar, i tillegg til inviterte foredragshaldarar og gjester frå Norden og Europa. Til det nasjonale museumsmøtet i Tromsø i 2013 var det til dømes 264 påmelde.

Norges museumsforbund legg i søknaden vekt på at Hordaland fylkeskommune er ein viktig aktør i det norske museumslandskapet, og at ein på det nasjonale museumsmøtet vil vere med å synleggjere den rolla fylkeskommunen har for dei andre musea i landet. I tillegg til søknad om pengestøtte/alternativt at fylkeskommunen inviterer til mottaking, har Norges museumsforbund laga plass for fylkesmusikarane i programmet, og ønskjer at kulturavdelinga i fylkeskommunen er til stades som vertskap saman med Museumsforbundet under opninga.

Det nasjonale museumsmøtet har etikk som tema i det faglege programmet, mellom anna etiske spørsmål knytt til samlingar og samlingsforvaltning. Fleire av foredragshaldarane er frå dei konsoliderte musea i Hordaland. Kulturminister Thorhild Widvey vil dele ut prisen Årets museum 2014.

Museumsfeltet er eit viktig område for Hordaland fylkeskommune, og ein ser det som veldig positivt at Norges museumsforbund i år legg det nasjonale museumsmøtet til Bergen. Fleire av dei konsoliderte musea er direkte involverte i arrangementet. Det er viktig at denne sektoren har felles møtestader der dagsaktuelle tema innan musea sine hovudoppgåver forvaltning, forskning, formidling og fornying vert diskutert.